

Barnehagen inviterer til kunstutstilling.

13.03.2018



Barnehagen sin kunstutstilling vert opna i dag kl. 14. Mange av motiva er laga med inspirasjon av Van Ghog.

I dag tysdag 13. mars, inviterer Uskedal barnehage til kunstutstilling kl. 14. Tittelen er **La meg skapa** og tilstellinga er ein del av Barnehagedagen 2018., som er ei landsdekkande markering. Målet er å synleggjera kva borna opplever og lærer i barnehagen. Tilskipinga tek til med snorklypping kl. 14.

Erfaring syner at det framleis er for dårlig kjennskap til innhaldet i det pedagogiske arbeidet i barnehagane. Dette vil ein retta på ved å syna kva arbeid ein gjer med kunst, kultur og kreativitet. Slagordet er **La meg leva**.

I Rammeplanen for barnehagane les vi kor viktig det er med borns oppleveling av kunst, kultur og kreativitet og for deira utvikling, nyttenking, meistringskjensle og evne til problemløysing. Alle er velkomne til borna sin kunstutstilling der ein får sjå flotte bilete på Fellesrommet laga med inspirasjon av Van Ghog. På avdelligane vil ein finna kunst laga gjennom ulike uttrykk.

Program og innhold:

- kl. 14.00: Offisiell opning - snorklypping
- kl. 14.15: Musikalsk innslag - borna syng
- kl. 14.30: Borna les regle og dikt
- kl. 14.35: Kanapear og mozel
- Etter det: Fritt til å gå rundt og sjå bileta og motiva

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Ann Irene Sæle